

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	10.09.2024
Vår referanse	2024/34522-4
Dykkar referanse	c399a92d-4b72-40ad-9f10-
Sakshandsamar	ef7463bf04e3
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Valldalen i Ullensvang kommune

Bakgrunn

NVE har sendt detaljplan for rehabilitering av dam Valldalen i Ullensvang kommune på høyring. Hydro energi AS har sendt detaljplanen til NVE for vurdering.

Detaljplanen for miljø og landskap skildrar planane for kva som skal byggjast. NVE skal godkjenne detaljplanen før arbeida kan starte. Høyringspartane, inkludert Vestland fylkeskommune, er bede om å gje tilbakemeldingar og innspel til detaljplanen. Konsesjonen ligg til grunn for høyringa og er ikkje gjenstand for ny høyring.

Detaljplanen og vedlegga ligg på NVE sine nettsider.

Skildring av tiltaket

Hydro skal auke flomavleiiingskapasiteten ved dam Valldalen ved å bygge ny overløpsterskel med tappeluke og ny parallell flaumtunnel ut frå magasinet, i tillegg til å auke innløpsbassenget (samlekanalen) for flaumvatn slik at dette har kapasitet til å ta unna dimensjonerande flaumar.

Vurdering

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt, samt vårt brev datert 19.06.2024 med innspel til detaljplan. Vi er nøgde med at innspela våre i nemnte brev er teke inn i arealbrukskart og detaljplan.

For å ivareta oppmerking av kulturminne i terreng ber vi om at søkar tar kontakt med Vestland fylkeskommune v/seksjon for kulturarv i god tid og seinast 2 veker før anleggsarbeidet startar opp.

I samband med konsesjonshandsaming av Røldal-Suldal-anlegga på 1960-talet vart det registrert ei rekke førreformatoriske kulturminne i Valldalen. Fleire kulturminne vart arkeologisk utgrave og frigitt ved handsaming av konsesjonen, mellom anna Ullshelleren (Askeladden-ID 139672) aust i Valldalen. Ved helleren ligg det ein ristningsstein som vart dokumentert ved dåtidas metode. Kartfestinga av dei tidlegare undersøkte kulturminna er mangelfull, fleire av dei tidlegare undersøkte kulturminna er ikkje kartfesta i kulturminnedatabasen i det heile tatt. Fylkeskommunen ønsker såleis å kartfeste desse

kulturminna så langt det eventuelt er mogleg i dag. Vi ønsker såleis å få melding ved vasstand i magasinet rundt 10 m eller lågare under HRV.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ULLENSVANG KOMMUNE

Opheimsgata 31

5750

ODDA

STATSFØRVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER